

Her er ein tekst frå ei statleg nettside.

Først viser vi originalteksten.

På siste side viser vi ein redigert versjon.

Tvangsinnkrevjing

(originaltekst)

Klage på avgjerd eller handlemåte under tvangsfullføring blir behandla av tingretten.

Klaga må grunngjevast og innehalde ein påstand, det vil seie kva klagaren ønskjer å oppnå. Klaga skal sendast via SI, jf. tvangsfullføringslova § 5-16. SI vil gjennomgå saka og vurdere å gjere om vedtaket sitt før saka eventuelt blir send til retten.

Før retten tek saka opp til behandling, må klagaren betale eit rettsgebyr til tingretten. Tingretten vil sende ut faktura før saka blir behandla.

Når tingretten tek saka til behandling, vil kvar av partane få kome med synspunkta sine. Dette skjer i all hovudsak skriftleg.

Deretter vil retten kunngjere avgjerda si i saka. Denne rettsavgjerda kan påkjærast til lagmannsretten, og i siste instans Høgsteretts kjæremålsutval.

Dette er ein klår og grei tekst som ikkje er vanskeleg å forstå. Likevel kan vi gjere han betre. Viss vi gir han ein klår struktur og deler han inn i avsnitt, blir han mykje lettare å lese. På neste side ser du korleis det kan gjerast.

Tvangsinnkrevjing

(redigert tekst)

Klageinstans

Klage på avgjerder eller saksbehandling i saker som gjeld tvangsfullføring, blir behandla av tingretten.

Korleis klagar du?

Du sender ei skriftleg klage via oss, jf. tvangsfullføringslova § 5-16. Du må grunngje klaga og kome med ein påstand, dvs. fortelje kva du ønskjer å oppnå.

Kva skjer når du har sendt klaga?

Vi går gjennom saka og vurderer å gjere om vedtaket vårt før saka eventuelt blir send til tingretten.

Dersom saka går til tingretten, må du betale eit rettsgebyr før retten tek saka opp til behandling. Retten sender deg ein faktura før saka blir behandla.

Når tingretten tek saka opp til behandling, vil begge partane få kome med synspunkta sine. Dette skjer i all hovudsak skriftleg.

Deretter vil retten kunngjere avgjerda si i saka. Denne rettsavgjerda kan du påkjære til lagmannsretten, og i siste instans til Høgsteretts kjæremålsutval.

Det er ein god vane å dele teksten inn i avsnitt med underoverskrifter. Ein tydeleg struktur gjer det enklare for lesaren å få med seg alt som står i teksten.